



Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2022

Alle tal i heile 1 000

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor	Avvik frå
	2022	2022	2022	2021	opprinnelig budsjett
9 Sum driftsinntekter	803 398	737 306	714 606	766 307	88 792
15 Sum driftsutgifter	746 318	705 967	690 427	725 721	55 891
16 Brutto driftsresultat	57 080	31 339	24 179	40 586	32 901
22 Netto finansutgifter	- 65 136	- 66 832	- 57 832	- 47 060	- 7 304
23 Motpost avskrivninger	40 650	40 650	39 503	39 503	1 148
	-	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	32 595	5 157	5 850	33 029	26 745

Kommunen sine driftsinntekter var 803,4 mill. kr mot justert budsjett på 737,3 mill.kr. Ein auke på 88,8 mill.kr i høve det opprinnelige budsjettet. Av dette kjem 36,8 mill. kr av meir inntekter frå overføringar med krav til motytelse (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motposter i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 746,3 mill.kr mot justert budsjett på 705,9 mill. kr. Auken på kr 40,3 mill.kr skriv seg i stor grad frå auke i lønsutgifter med 29,7 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 223,9 mill. kr mot justert budsjett på 219,8 mill.kr. Ein auke på 6,8 mill.kr.

Overføring og tilskott til andre vart 29,4 mill.kr og var budsjettet med 21,9 mill. kr. Auken på 7,6 mill. kr kjem av auka overføring til private lag og organisasjonar gjennom spelemiddelutbetalingar og koronastøtter til næringslivet.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 65,1 mill. kr og var budsjettet med 66,8 mill.kr. Det vart eit tap på finansane på 3,9 mill.kr mot budsjettet tap på 3 mill.kr. Renteutgiftene vart kr 900 000 lavere enn budsjettet.

Endeleg beregning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettet med 1,8 mill.kr i for mykje i avdrag.

Giske kommune hadde i 2022 eit netto driftsresultat på 32,5 mill. kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2021 på 33 mill. kr, dvs. ein nedgang av netto driftsresultat på kr 434 000.

Nøkkeltall

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,1	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80	3,58
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,06	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24	0,86

Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivningar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 7,1 prosent i 2022 mot 5,3 prosent i 2021.

Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapan og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Netto driftsresultat i perioden 2014 – 2022: %)

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi. Giske kommune har no hatt to gode år der nivået har vore over det anbefalte nivået og har klart å styrke disposisjonsfondet som no er 4,57 prosent av driftsinntektene. Giske sitt mål er 5 - 10% av driftsinntektene. På grunn av høg lånegjeld bør nivået vere nærme 10% for at kommunen skal ha ein robust økonomi. Det er derfor behov for å styrke disposisjonsfondet ytterlegare i åra framover.

Dersom ein trekker ut årets inntektsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 17 461 000 hadde Giske kommune eit "korrigert netto driftsresultat på 15,1 mill. kr eller 1,8 %.

KOSTRA

	2022	2022	2021	2021	2020	2020
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,1	1,8	5,4	3	2,1	0,6
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,1	1,7	4,5	3,6	-0,5	0,9
Frie inntekter i kroner per inbygger	66 028	67 213	63 118	64 828	58 235	60 403

Endring av kostragruppe frå 2019 til 2000 kjem av ein revisjon av kommunegrupperingane som følge av kommunereforma.

Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbygger enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem Giske betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1. Dette skriv seg i hovudsak frå den gode skatteinngangen Giske hadde i 2022.